



Fylkesmannen i Hordaland
P.b 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/4 - 16/1461

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

27.01.2016

Søknad om bygging av skogsbilveg på Gbnr. 43/8 Ryland i Meland kommune

Meland kommune har motteke søknad frå Magnar Askeland om å få byggje ein skogsbilveg på Ryland. Det vert søkt om å få byggja ein veg i vegklasse 2 på ca. 320 meter, i samband med søknad om vegbygging vert også søkt om ein massetak som skal nyttast i vegbygginga. Vegen ligger innafor nedslagsfeltet til Rylandsvassdraget.

Bygging av vegen vil vere eit viktig tiltak for å kunne ta ut skogen i området på ein effektiv og økonomisk måte. For å drive kostnadseffektivt og sikre gode økonomiske rammer i skogbruket, er bygging av veg eit viktig tiltak for å redusere driftsutgiftene. Vegen har eit dekningsområde med ca. 1100 m³ hogstmoden skog. Vegen vil kunne frigjere meir skog på sikt om det vert bygd vidare i samband med framtidige skogdrifter. Ein veg vil i tillegg til betre økonomiske rammer vere viktig for gjennomføring av framtidige skjøtseloppgåver. God tilkomst vil lette tilkomst ved skjøtsel, og redusera kostnadane ved gjennomføringa av skjøtselstiltak. Det vert også lettare for eigar og halde oppsyn med skogen ved ein enkel tilkomst. For å kunne gjennomføra skjøtselstiltak til rett er det viktig å halde oppsyn med skogen. Det er også viktig i samband med ulike hendingar som storm etc.

Etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar, Kap. 3 sakshandsaming, vedtak og vilkår mv § 3-1, skal kommunen før eit vedtak fattast, innhenta dei uttaler som er naudsynte, jf. § 1-1. Kommunen ynskjer å klarleggja om det er automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne på staden før søknaden vert handsama. Saka vert oversendt Hordaland Fylkeskommunen og kulturavdelinga i Meland kommune for uttale.

Kommunen sendar også saka over til Fylkesmannen i Hordaland for uttale jf. § 3 i landbruksvegforskrifta, der Fylkesmannen vert gitt høve til å uttale seg i sakar om nybygging av skogsbilvegar.

**Tiltak: Bygging av skogsbilveg på ca. 320 meter i vegklasse 2, samt masseuttak til bygging av vegen.
Gbnr: 43/8**

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kommune: 1256 Meland

Frist for uttale: 26.02.16

Vedlagt følger søknaden, kart med planlagt vegtrase og oversiktskart.

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad og kartvedlegg

Kopi til:

Magnar Askeland	Roslandsvegen 293	5918	FREKHAUG
-----------------	----------------------	------	----------

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland	P.b 7310	5020	BERGEN
Hordaland Fylkeskommune v/ kultur- og idrettsavdelinga	Postboks 7900	5020	BERGEN
Meland kommune v/ kulturavdelinga	Postboks 79	5906	FREKHAUG